



Statens vegvesen

UNU A/S
Pb. 272
6701 MÅLØY

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Susanne Stølheim Aasen /
97004331

Vår referanse:
16/72401-2

Dykkar referanse:
A.I.Utnes

Vår dato:
11.05.2016

Svar på oppføring av skilt / reklame – gnr. 86 bnr. 1 i Bremanger kommune

Viser til mottatt brev den 09.05.2016 om oppføring av primmast ved drivstoffstasjon i Kolsetvika i Bremanger kommune.

Vi handsamer slike saker etter Lov om vegar (veglova) § 33 samt handbok V323 «Reklame og trafikkfare». Handboka er å finne på våre heimesider, www.vegvesen.no under fana fag og vidare under publikasjonar. Handboka gir føringar for reklame, og tek for seg samanhengen mellom reklame og trafikkfare. Vi er på bakgrunn av dette svært restriktive til å gi løyve til reklame som rettar seg mot vegtrafikken då dette kan vere trafikkfarleg.

Vi gjer dykk merksame på at det må føreligge eit løyve både frå Bremanger kommune og Statens vegvesen før ei eventuell primmast kan monterast.

Vedtak:

Med heimel i «Lov om vegar (veglova)» av 1. januar 1964 § 33 avslår vi søknad om å få sette opp primast langs fv. 616 ved drivstoffstasjonen i Kolsetvika i Bremanger kommune.

Etter ei heilskapleg vurdering, vil dykkar planlagde reklame dessverre ikkje kunne akseptrast fordi den vil vere trafikkfarleg. Reklamen vil bli trafikkfarlig fordi masteskiltet vil bli så dominerande i vegbildet at den vert trafikkfarleg på denne staden. Dette med tanke på at det er skilta med fareskilt «born» for at trafikanten skal vere ekstra oppmerksom på spesielt born men også mjuke trafikantar her. I tillegg er det skilta med offentleg trafikkskilt i avkøyrsla ned til båthamna kor drivstoffstasjonen ligg. Masteskiltet skil seg også ut frå dei masteskilta som vanlegvis vert nytta av drivstoffstasjonar og vi reknar difor denne masta som eit «ukjend» element i trafikkbilete.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Bakgrunnen for denne vurderinga er at det i lovverket er gjeve strenge restriksjonar for bruk av reklame langs offentleg veg. Men reklame og andre orienterande skilt særskilt tenkt for dei vegfarande er i ei særstilling i forhold til annan reklame. Det er på bakgrunn av dette aksept for at drivstoffstasjonar innan rimelege grenser får moglegheit til å gjere seg til kjenne ved oppsetting av reklameskilt. Vi er likevel svært opptatt av at trafikkikkerheita vert ivareteken på ein god måte og det er svært strenge krav til utforming og storleik til masteskilt.

I dette tilfellet vil reklamen verte ståande i nærleiken til avkøyrsla ned til båthamna. Primmasta er også utforma med logo, type drivstoff, opningstid og betalingsmoglegheiter. Det er på staden fartsgrense 60 km/t og ÅDT (gjennomsnitts års døgn trafikk) på 350. Drivstoffstasjonen ligg på nedsida av fv. 616 ved båthamna, som er godt synleg frå vegen. I avkøyrsla ned til båthamna og drivstoffstasjonen er det skilta med 1 stk. kvit vegvisningsskilt med symbol for drivstoffstasjon. Skiltet er godt synleg frå begge køyreretningar slik at det skal vere mogleg å ta avgjerd i god tid før avkøyrsla.

Sjølv om det er aksept for at drivstoffstasjonar innan rimelege grenser får moglegheit til å gjere seg til kjenne ved oppsetting av reklameskilt vurderer vi denne primmasta som trafikkfarleg på bakgrunn av at den vil trekkje for mykje merksemd bort frå trafikkbilete og forstyrre trafikanten. Det er viktig at fokuset ligge på vegen og på det som eventuelt kjem ut av avkøyrsla frå båthamna, då det her er både mjuke trafikantar og billistar som ferdast. Vi veit av erfaring av det skjer ein del ulukker i avkøyrslar og med tanke på at her kan vere både store og små som ferdast er det viktig at trafikanten ikkje vert forstyrra av masta. Det er også like før avkøyrsla skilta med fareskilt «born» noko som tilseier at her er mykje mjuke trafikantar som gjer det endå viktigare at trafikanten ikkje vert distrahera. Drivstoffstasjonen er også allereie gjort til kjenne ved at det er offentleg trafikkskilt i avkøyrsla som symboliserer at det er mogleg å fylle drivstoff her.

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og de kan difor klage på det. Ei eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER, som vil sende klaga vidare til klageinstans. Klagefristen er 3 – tre veker frå de har mottatt dette avslaget. Klagen må grunngjevast.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Vigdis Lobenz
seksjonsleiar

Susanne Stølheim Aasen

Kopi
Bremanger kommune, Postboks 104, 6721 SVELGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.